



Stad kommune

NYTT frå Stad kommune / februar 2021

tilsette i Stad

Informasjon om planlegging, omstilling og resultat for 2020

Vi planlegg for 2021

Alle einingane er no i gang med å lage verksemndplanar for det komande året. Dette blir første året i Stad kommune der vi har ein felles strategi for korleis vi skal planlegge for gjennomføring av politiske vedtak og drifts- og utviklingstiltak i dei ulike einingane. Stad kommunestyre vedtok i desember eit handlingsprogram med oppdrag i planperioden. Desse oppdraga er no systematiserte og fordelt på aktuelle einingar gjennom ein planleggingsmodul i Framsikt. Einigane har også fått eit felles oppdragsbrev frå kommunedirektøren som blir styrande for kva alle må ta del i det komande året. Handlingsprogrammet er vedteke for perioden 2021-2024 og verksemndplanane får også denne planleggingshorisonten. Men både desse og handlingsprogrammet må sjølvsgart reviderast kvart år.

Handlingsprogrammet gir både retning og føringar for korleis organisasjonen Stad kommune skal arbeide i tida framover. Utfordringa for den enkelte eining blir å omsetje dette til eiga verksemnd og finne form og innhald på arbeidet som samsvarar med det eininga har som oppdrag. Det er stor forskjell på dei ulike einingane sine oppgåver, så her må planane sjølvsgart vere i tråd med kjerneoppdraget. Samstundes er det viktig å sjå korleis ein kan delta i det store fellesskapet sin innsats for at Stad kommune blir ein god kommune å bu, besøke og drive næring i.

Handlingsprogrammet inneholder også budsjett for 2021 og ein økonomiplan for perioden. Det var ikkje mogleg å vidareføre drifta på nivået i 2020 då inntektene ikkje auka i takt med utgiftene. Alle kommunalområda måtte difor planlegge for reduksjon i rammene sine. Tidleg i januar gjennomførte vi ein prosess innanfor alle kommunalområda der ein vart samde om fordeling av innsparingskrava. Det utfordrande framover blir å halde desse budsjetta og ikkje minst unngå å måtte seie opp folk. Vi vil arbeide systematisk for at ingen fast tilsette må slutte mot sin vilje. Men dette vil kunne kreve at nokon må vere fleksible og vere viljuge til å endre arbeidsoppgåver permanent eller midlertidig for å behalde jobb.

Vi kjem til å følgje desse prosessane tett gjennom aktivitet i omstillingsutvalet og stillingsutvalet.

Omstillingsutvalet er eit partssamansett overordna utval som har fått følgjande mandat:

- Følgje opp at einingsleiar lagar verksemndsplanen og bemanningsplan der budsjettkrava er følgt opp
- Gje oppdrag til einingsleiarane
- Einingane må kome med innspel til løysingar
- Omstillingsutvalet vurderer konsekvens av føreslalte løysingar
- Omstillingsutvalet skal bidra i prosessen og vere i dialog med einingane
- Einingsleiarane kan spele inn forslag som har noko å seie på tvers, som omstillingsutvalet vurderer om vi skal arbeide vidare med
- Omstillingsutvalet følgjer opp at einingane involverer tilsette, tillitsvalde og verneombod i samsvar med lov- og avtaleverk
- Omstillingsutvalet har ei overordna strategisk rolle



Stillingsutvalet er eit partssamansett utval som skal behandle utlysing av stillingar, vurdere utviding og forlenging, omplassering og overvake bruken av tidsavgrensninga stillingar og timevikarar. Formålet med stillingsutvalet er å få kontroll med bemanningsutviklinga og i tillegg ha fullt oversyn over ledige stillingar.

Stillingsutvalet har følgjande mandat:

- Følgje opp at leiariane grunnar behovet for stillinga. Ved mangelfull grunngjeving vert innstillinga sendt i retur for nærmare grunngjeving
- Gjennomføre formell drøfting av alle nyopprettar og ledige stillingar før dei vert lyste ut
- Følgje opp prinsipp for bruk av deltidsstillingar og lokale retningslinjer med føremål å auke tal heiltidsarbeidstakarar i kommunen
- Stillingsutvalet skal vurdere følgjande pkt.:

1. Har arbeidstakar med redusert arbeidsevne rett på stillinga, jf. aml 4-6 (1)?

2. Har overtalig arbeidstakar rett på stillinga jf. aml 15-7?

3. Har nokon fortrinnsrett til stilling?

- Arbeidstakar som er oppsagt på grunn av driftsinnskrenking, jf. aml. 14-2 (1)
- Arbeidstakar som har akseptert redusert stilling i staden for oppseiling, jf. aml 14-2 (2)
- Utvida stilling for deltidstilsett, jf. aml 14-3
- Mellombels arbeidstakar som ikkje får vidare tilsetting på grunn av driftsinnskrenking, jf. aml 14-2 (2)
- Arbeidstakar med redusert stilling etter aml. 10-2 (4)
- Arbeidstakar som har reservasjonsrett ved verksemどsoverdraging, jf. aml 16-3 (3)

4. Deling av stilling

5. Intern/ekstern utlysning

- Stillingsutvalet rapporterer til kommunedirektør

Det er ikkje aktuelt å innføre stillingsstopp i Stad kommune då vi alltid må vurdere om vi har rett kompetanse i dei ulike funksjonane. Om alle dreiv med det same, ville det enklaste vere å ikkje tilsette fleire før vi var komne på det rette driftsnivået. Slik veit alle at det ikkje er i ein kommunal organisasjon, så difor vil det stadig bli utlysingar også i 2021. Det vesentlege er at dei ulike einingane må ha budsjettrammer til dette.



Hovudtillitsvalde og hovudverneombod i Stad kommune sitt i stillings- og omstillingsutvalet sammen med den administrative leiinga. Her representert ved Mirjam Bruvoll og Anne Lise Hildenes.



Resultat for 2020

Når dette informasjonsskrivet når dykk, så vil det også vere kjent at Stad kommune vil ha eit mindreforbruk i 2020 på ca 37 millionar. Det vil då sikkert vere vanskeleg å forstå kvifor vi må oppretthalde planar om nedbemanning. Av den grunn vil vi prøve å forklare grunnen til dette resultatet, og ikkje minst kvifor vi ikkje kan basere oss på at dette vil gjenta seg.

Spørsmålet er om vi kunne ha planlagt betre i 2019, eller om det som har skjedd har vore utanfor vår kontroll. Eitt viktig element for nokre av tenestene i helse og omsorg var at det var vanskeleg å planlegge drifta då vi skulle samordne både for dei gamle kommunane Eid og Selje og Bryggja som nytt område. Vi har nok hatt eit betre grunnlag for dette i år. Vi har hatt ein situasjon med korona nesten heile året, og det har vore vanskeleg å planlegge både utgifter og ekstra inntekter. Pensjonspremieane har vore lågare enn nokon kunne forvente, og dette fører også til lågare arbeidsgjevaravgift. I tillegg vart det eit lønnsoppgjør som vart mykje lågare enn det vi budsjetterte med hausten 2019.

Årsakene til overskotet er samansette. Det er eit samla mindreforbruk på rammeområda (drifta) på 24,6 mill NOK, fordelt på alle sektorar/rammeområde. Meirinntekter frå refusjonar, tilskot, uteleige og prosjektmidlar utgjer ein vesentleg del av mindreforbruket. Skatteinntektene, rammetilskotet frå staten og renteinntektene til Stad kommune er høgare enn budsjettet, medan kapitalkostnadene knytt til gjeld er lågare enn budsjettet.

Kvifor må vi spare desse pengane og ikkje avblåse reduksjonen i driftsrammene? Det meste av det som har vore annleis i 2020 kjem til å endre seg framover. I tillegg får vi nok redusert skatteinngang som resultat av koronasituasjonen. Med høg lånegjeld er det også viktig at vi har nokre midlar til disposisjon med tanke på renteoppgang. Om ikkje vil slike endringar treffe drifta utan at vi får høve til å omstille oss.

Å byggje ein ny kommune er eit krevjande arbeid. Det har vore - og er framleis - uvisse om kor raskt vi klarer å byggje ein økonomisk berekraftig kommune der drifta er tilpassa inntektene. Det solide resultatet for 2020, gjer at vi ser langt meir optimistisk på arbeidet vidare. Resultatet betyr at vi kan starte opp i ny kommune med å byggje opp økonomiske reserver, i staden for å tappe gamle reserver frå Eid og Selje. Det er ein stor skilnad. *Vi vil takke alle våre dyktige tilsette i heile kommuneorganisasjonen for å ha drege i lag i 2020 slik at vi kunne få dette til!*

Rekneskapen er enno ikkje revidert, slik at tala som no er levert SSB er førebelse. Rekneskap og årsmelding for 2020 skal handsamast i Stad kommunestyre 6. mai 2021. Overskotet vil bli tilrådd sett av til kommunens disposisjonsfond og rente-/avkastingsfond.



Det er viktig for Stad kommune å få eit positivt resultat i 2020. Kommunen har store utfordringar i budsjettet framover, både i 2021 og seinare år. No må vi ha fokus på å halde oss innanfor budsjettet i 2021, for å få ein betre overgang til 2022, seier økonomisjef Ole Starheim.

Endring i organisasjonsstrukturen

Ein organisasjonsstruktur skal tene formålet til ein organisasjon. Når oppgåver og vilkår endrar seg, så må også organiseringa vurderast. Stad kommune står overfor store oppgåver i åra som kjem, og vi må innanfor stramme økonomiske rammer prøve å husholdere med det vi har av pengar og kompetanse. Vi har difor konkludert med at vi frå 01.03 går frå fire til tre kommunalområde. Den politiske utvalsstrukturen blir ikkje endra som følgje av dette. Kommunalområdet oppvekst og opplæring får også ansvar for integrering og opplæring. Kommunalområdet helse og omsorg får ansvar for NAV, og dei resterande einingane eigedom, kommunalteknikk, brann, førebygging og redning, plan og forvaltning, lokal samfunnsutvikling og kultur blir organiserte i kommunalområdet kultur og samfunn. Dette kommunalområdet vil få ny leiar frå sommaren av. Elin Leikanger sluttar som kommunalsjef og Kristine Dahl blir assisterande kommunedirektør med særleg ansvar for store samfunnsprosjekt og næringsliv.



Kommunalsjef Elin Leikanger går av som kommunalsjef for areal og eigedom sommaren 2021. Kristine Dahl går over i stillinga som assisterande kommunedirektør under Åslaug Krogsæter frå 1. mars.